



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

## Møtebok for Meland sokneråd

**Møtedato:** 28.09.17  
**Møtetid:** 18.30  
**Møtestad:** Møteplassen

### Til stade:

Regine Sagstad Berg, Ingunn Reigstad, Andreas Sagstad Berg, Bent Gunnar Næss, Brigte Roar Skeie (delar av møtet), Andreas Westeroen, Per Audun Heskestad, Torbjørn Aamli.

Frå administrasjonen møtte Anne Sofie N. Uthaug

### Innkalling, sakliste og sist møtebok:

Innkalling og sakliste vart godkjent. Møtebok frå møte 08.06.17 (sist med soknerådssaker) vart godkjent.

### Meldingssaker:

- Laila H. Storstrand ber om forbønnsstøtte og moglegheit til å informere om misjonstenesta si i Tyrkia i kyrkjelyden. Soknerådet ønsker å støtte hennar teneste slik.
- Dialog med songkoret Vågen om adventskonsert og meir samarbeid
- Det var rettleiing i NAMU 14.09. Ny rettleiingsavtale er inngått med Ommund Rolfsen
- Avtale med Frekhaug indremisjon om oppfølging av SKRUL-styret er underteikna.
- Turskilt rundt kyrkja. Gerd og Egil Opsal og Atle Austegard blir oppmoda om å slutte seg til dei som skal setje opp skilta.
- Kommunen lyser ut midlar til støtte for innvandrartiltak.

Saksnr	Sak
005/17	Felles kyrkjeblad - formalisering av samarbeidet

### Saksframstilling

I møtet i soknerådet i november vart det bestilt eit framlegg til formalisert samarbeidsdokument for det nye felles kyrkjebladet. Sokneprest i Alversund, Seim og Lygra Geir Øy fungerer som ansvarleg redaktør for tida, og han har utarbeidd eit utkast som du finn nedanfor. Nokre merknader er ført inn med raudt.

Forslag til saksframlegg til sokneråda i Mo, Osterfjorden, Alversund, Seim, Lygra og Meland sokneråd.

Følgande saksutgreiing tar sikte på å formalisere samarbeidet mellom dei ulike sokna når det gjeld utgjeving av kyrkjelydsblad.

I Osterfjorden og Mo sokn kyrkjelydsbladet Kyrkjegløtten, Alversund, Seim og Lygra har Kyrkjekontakten Meland har Kontakt.Sidan starten av 2017 er det gitt ut eit nytt og delvis felles kyrkjelydsblad for dei tre kinsane Mo og Osterfjorden; Alversund, Seim, Lygra, samt Meland. Kyrkjelydsbladet har ein fellesdel i midtre del, og dei har kvar sin lokale del først og sist i bladet. For abonnentane vil bladet truleg opplevast å



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

stå i kontinuitet med det bladet, som om formatet og papirkvalitet er endra. Namnet på bladet er det same som før samarbeidet om nytt blad.

## Styreform:

Styret for eit felles kyrkjelydsblad skal bestå av ein soknerådmedlem for kvar krins, samt ei kyrkjeverje, i alt fire personar. Kyrkjeverjene velgjer seg i mellom kven som skal vere i styret. Kyrkjeverjene følgjer valperioden til sokneråda. Ansvarleg redaktør møter i styret med talerett, men utan stemmerett. **(I samband med samanslåing av fellesråd i 2020 må styreforma revurderast)**

## Redaktøransvar:

Bladet vil til eikvar tid har ein redaktør. Inntil vidare er dette ein redaktør som er henta inn utanfrå og som får godtgjersle for oppdraget. Dersom det blir endringar i redaktør-rolla, vil dette bli ei sak for styret.

Bladet vil ha ein ansvarleg redaktør, som kan ta seg av spørsmålsstillingar som fell utanfor det som det er naturleg at redaktøren tar seg av. Ansvarleg redaktør er ein av prestane i ein av kyrjelydane.

## Redaksjonsnemnd:

Det skal vere minst to representantar for kvar av dei tre kripsane i felles redaksjonsnemnd. I tillegg skal det vere ein prest med i redaksjonsnemnda. Prestane går på omgang og er med på 5 utgåver kvar.

Dei lokale representantane i felles redaksjonsnemnd har ansvar for stoffet som skal vere i lokal del. Dei velger sjølve om lokal redaksjonsnemnd skal telje personar som ikkje møter i felles redaksjonsnemnd.

## Økonomi:

Utgiftene til kyrkjelydsbladet er i hovudsak frå tre område: redaktør, lay out, trykking og eventuelt distribusjon. Utgifter som er uavhengig av opplag, som redaktør og lay out blir fordel på tre like store deler. Trykkeutgiftene blir fordelt etter opplag.

Etter to utgåver fordeler utgiftene seg slik:

**Her manglar opplysningane enno**

Inntektene til bladet er gåver/ frivillig abonnement og annonser. Annonseinntekter i fellesdelen blir delt i tre like deler. Annonseinntekter frå lokal del og gåver tilfell det lokale rekneskap



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Giro blir lagt inn i bladet ein til to gonger i året.

Eventuell kostnad til distribusjon tar kvar av dei tre krinsane seg av.

Sokneråda i dei tre krinsane er ansvarlege for kvar sin del av økonomien

Ved utgangen av 2018 blir sokneråda i dei tre krinsane bedne om å dekke eit eventuelt underskott på drifta av kyrkjelydsbladet. Dersom underskottet er på meir enn 50 000 kr etter 1. driftsår, vil sokneråda blir tatt med på drøfting.

Alle annonsørar bør bli kontakta med spørsmål om dei vil annonsere i fellesdelen eller i den lokale delen av bladet.

Dersom andre sokn ønskjer å vere med å gje ut dette felles kyrkjelydsbladet, vil dei betale ein innskott på kr 20 000. Dette fordi det hadde ein kostnad å etablere det nye bladet.

## **Framlegg til vedtak**

Meland sokneråd går inn for å gje ut eit kyrkjelydsblad med ein fellesdel for Mo, Osterfjorden, Alversund, Seim, Lygra og Meland sokneråd. Økonomien blir organisert slik at kvar krins svarar for rekneskapen for si utgåve av bladet etter den fordeling som er greidd ut i saksframlegget.

Vi oppmodar styret om å utforme ein enklare modell for felles økonomi og kome tilbake til sokneråda.

## **Møtehandsaming**

### **Vedtak**

Meland sokneråd går inn for å gje ut eit kyrkjelydsblad med ein fellesdel for Mo, Osterfjorden, Alversund, Seim, Lygra og Meland sokneråd. Økonomien blir organisert slik at kvar krins svarar for rekneskapen for si utgåve av bladet etter den fordeling som er greidd ut i saksframlegget.

Vi oppmodar styret om å utforme ein enklare modell for felles økonomi og kome tilbake til sokneråda.

Samrøystes vedtak.



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

---

**Saksnr**  
006/17

**Sak**  
Søknad frå Felix Vocalis om støtte

---

## **Saksframstilling**

*Vedlegg: Søknad om støtte*

## **Framlegg til vedtak**

Det vert kalla inn til møte med styret i Felix.

## **Møtehandsaming**

Søknaden vart drøfta.

## **Vedtak**

Det vert kalla inn til møte med styret i Felix.  
Samrøysta vedtak.

For Meland sokneråd – soknerådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug  
kyrkjeverje